



Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Vedtaksbrev

Dykkar ref.

Vår ref.  
16/2869-4/FE - 121/84Stad/Dato:  
29.03.2017

### **Avgrensa høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028**

Den ovannemnde saka er behandla med følgjande vedtak:

#### **Kommunestyret (KS) 15.03.2017 - saksnr. 014/17:**

1. Øygarden kommunestyre er positive til regional planlegging i eit samarbeid mellom regionale og lokale forvaltningsnivå, og støtter intensjonane med å lage ein regional plan for ei auka samordning av arealbruk og transportutvikling.
2. Øygarden kommunestyre er positiv til at fylkeskommunen i innleiinga til Regional areal- og transportplan 2017-2028 presiserer at planen ikkje er juridisk bindande og ikkje inneheld regionale planførere segner, og føreset at dette også gjeld Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Kommunestyret er samstundes spørjande til retningsliner i begge planane som gjev uttrykk for at planane kan heimla motsegn mot kommunale planar og tiltak, og finn at dette ikkje er i samsvar med dei nemnte punkta ovanfor.

Kommunestyret vil difor be fylkeskommunen gjere spesifikke vedtak til begge plandokumenta som tydeleg presiserer at evt. motsegn berre vil verte vurdert nytta heilt unntaksvise, føreset ei konkret og tydeleg grunngjeving, og berre kan vere aktuelt når ein har hatt ein grundig kontakt og dialog mellom partane for å søkje å verte samde om gode felles løysingar.

Ein må unngå at planen vert eit dokument som heimlar høvet til å detaljstyre kommunen.

1. Øygarden Kommunestyre meiner at det nye planutkastet framleis legg opp til ei for sterk sentralisering, og at premissar knytt til kollektivtransport er for sterkt styrande for utviklinga av andre viktige samfunnsfunksjonar. Dette kan virke sentralisende og samstundes hindre ei positiv utvikling for fleire funksjonar og geografiske område, særleg i meir spreidbygde område.
2. Plandokumentet manglar omtale, drøftingar og perspektiv for kva situasjon som vil gjelde når ei rekke av kommunane i Bergensområdet om kort tid går saman i nye og vesentleg større einingar. Kommunestyret vil be om at dette vert prioritert

ved at fylkeskommunen tek initiativ til snarleg igangsetting av eit slikt arbeid saman med primærkommunane.

3. Fylkeskommunen ber om tilbakemelding på om planen er tilstrekkeleg tydeleg på korleis den vil bidra til å nasjonale og regionale klima- og miljømål.  
Kommunestyret meiner at planen lukkast med å formidle dette, men at ein i for liten grad har vurdert situasjonen for stader med låg eller ingen kollektivdekning, og spreidd busetnad.
4. Kommunestyret er positivt til differensiert arealforvaltning, men meiner planen er for detaljert og stringent i den samanheng.
5. Kommunestyret vil elles vise til innhaldet i sitt vedtak 09.12.2015, sak KS. 100/15.

Med helsing

Jarle Kåre Oen  
kommuneplanlegger